

Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2021 – utvikling og driftsresultat

Hovudtendens

- Stor inntektsauke for alle produksjonar på Vestlandet i 2021
- Dei største bruka auka inntekta mest blant mjølkeprodusentane
- Framleis stor investeringsvilje i jordbruket på Vestlandet
- For frukt- og bærprodusentane vart 2021 eit svært godt år. Denne driftsforma oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet også i 2021.

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 378 700 i 2021. Det er ein auke på kr 85 300 frå året før. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 74 600 kr og vart på kr 403 100 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 315 dekar, ein auke på 8 dekar frå 2020.

Auken i jordbruksinntekta for Vestlandet skuldast i hovudsak auka prisar og auka produksjon kombinert med moderat kostnadsutvikling. Lett marknad i samband med stor etterspørsel i kjølvatnet av pandemien gav rom for auka volum og høve til å ta ut gode prisar. Nedgang i rentekostnader påverka resultatet positivt, medan auke i timebruk på 2 prosent svekka resultatet.

Det var auke i jordbruksinntekta for dei fleste arealgruppene, mest for dei minste og for dei største. Årsaka er relatert til produksjonane i dei ulike gruppene. I dei minste gruppene er det frukt og bær som dominerer, i dei mellomste gruppene er det sau, storfekjøl og dei små og mellomstore mjølkebruka. I den største gruppa er det mest store mjølkebruk.

Mjølkeproduksjon er viktig for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Vederlag per årsverk (jordbruksinntekta) auka med 29 prosent eller kr 86 700 per årsverk. Mjølkebruka har auka grovfôrareale med 4 dekar, medan grovfôravlinga auka med 7 FEm per daa. Tal årskyr, mjølkekvote og liter omsett mjølk auka med om lag 3 prosent. Ein auke i mjølkeprisen på 60 øre/liter var viktig årsak til auke i mjølkeinntektene saman med auka volum. Kjøtprisen auka med kr 4,28 per kg for kukjøtt og kr 4,94 for anna storfekjøtt.

Det var en liten auke i variable kostnader på 4,5 prosent i hovudsak høgare kostnader til kraftfôr grunna pris- og volumauke. Faste kostnader auka med 9,6 prosent frå 2020. Kostnader til energi auka mest, men det var stor auke også på kostnader til leasing og maskinleige. Driftsoverskotet i jordbruket auka med 36 prosent. Dette er ein svært stor auke samanlikna med tidlegare år.

Det har vore investert mykje på mjølkebruka dei siste åra. Nettoinvesteringa i 2021 var kr 178 000 per bruk, og var noko lågare enn året før. Trass gjeldsauke på nesten 20 prosent, gjekk renteutgiftene ned med 7 prosent. Lågt rentenivå i kjølvatnet av pandemien bidrog positivt til resultatet.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 30,1 årskyr, ein auke på 0,8 årskyr frå 2020. Bruka omsette i gjennomsnitt 225 000 liter mjølk og 7,4 tonn kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 406 dekar, ein auke på 6 dekar. Arbeidsinnsatsen var 2,1 årsverk à 1 845 timar. Arbeidsinnsatsen i 2021 gjekk med 1,2 prosent frå året før.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald oppnådde i 2021 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 464 000, ein auke på 42 prosent frå 2020.

Utfyllande informasjon til pressemelding 15.12.2022: Jordbruket på Vestlandet i 2021

Arealet auka med 41 daa, medan grovfôravlinga var uendra. Det var generell auke i produksjonen, tal årskyr og tal vinterfôra sau auka med høvesvis 3 og 18. Omsett mjølk var 164 100 liter ein auke på 20 prosent. Mjølkeprisen auka med 57 øre per liter eller 11 prosent. Pris og volumauke medførte auka mjølkeinntekt med 33 prosent. Det var også ein stor auke i kjøtprisen både for storfekjøt og sau. Sauekjøtprisen auka med kr 8 per kg til kr 19, medan prisen på lammekjøt og storfekjøt auka med 8,5 og 11 prosent. Husdyrinntekter auka til saman med kr 401 000 eller 37 prosent.

Det var auke i variable kostnader på 14 prosent eller kr 90 000. Kostnader til konserveringsmiddel auka mest, men det var også stor auke i kostnader til kjøp av medisinar og kjøp av dyr. Faste kostnader auka med 17 prosent eller kr 89 000. Mesteparten av det skuldast auka kostnader til elektrisk kraft og kvoteleige.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 415 dekar. Bruka hadde 22 årskyr og 101 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen gjekk opp med 82 timar og var på 2.1 årsverk à 1845 timar per bruk.

Sauebruka

Jordbruksinntekta for sauebruka gjekk opp med kr 61 000 per årsverk til kr 178 000. Tal vinterfôra sauer er tilnærma uendra, medan omsett kjøt gjekk opp med 1 prosent. I gjennomsnitt gjekk prisen på lammekjøt opp med kr 4 per kg og prisen på sauekjøt auka med kr 9. Prisen på sauekjøt auka slik med 82 prosent frå året før. 2020 var eit år med låge prisar på sauekjøt, som også forklarar den store prosentvise auken. Husdyrinntektene auka med 16 prosent, medan samla tilskot auka med 3 prosent. Totalt gjekk produksjonsinntektene opp 11 prosent. Variable kostnader gjekk ned med 2 prosent, medan faste kostnader var uendra. Arbeidsforbruket auka med 2,1 prosent og utgjorde 1,4 årsverk. Gjelda minka med 5 prosent, og renteutgiftene med 14,5 prosent.

I 2021 omfatta driftsforma 30 bruk med i gjennomsnitt 143 vinterfôra sauer og 246 dekar jordbruksareal. Prisaue, kombinert med stabile kostnader bidrog til auke i jordbruksinntekta for sauebruka på kr 61 000 per årsverk.

Produksjon av storfekjøt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 230 000 i 2021, ein auke på kr 86 000 per årsverk. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det er få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag for gruppa.

Det vart produsert 10 900 kg storfekjøt på desse bruka i 2021, 1 400 kg meir enn i 2020. Prisen på anna storfekjøt (ikkje kukjøt) auka med om lag kr 6 per kg, og totalt gjekk inntektene frå husdyrhaldet opp med 14 prosent. Det var høgare inntekter frå anna storfekjøt samanlikna med året før, ein auke på 28 prosent. Tilskota auka med 9 prosent, og totalt auka produksjonsinntektene med 13 prosent. Faste- og variable kostnader auka med høvesvis 16 og 5 prosent, samanlikna med 2020. Arbeidsforbruket auka med 117 timar til 1,3 årsverk, noko som trakk resultatet noko ned. Lite investeringar resulterte i negativ netto investering, altså at avskrivningane er høgare enn investeringane. Gjelda var tilnærma uendra og renteutgiftene gjekk ned med 6 prosent samanlikna med 2020. Det var eit lågt rentenivå under koronapandemien, som kan forklare nedgang i renteutgifter. Auke i inntektene, kombinert med relativt meir beskjeden kostnadsauke styrka resultatet for 2021.

Det var 13 bruk i gruppa i 2021. I gjennomsnitt hadde dei 364 dekar jordbruksareal, 22 ammekyr, 19 kviger og 24 slakta oksar.

Frukt- og bærproduksjon er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. For frukt- og bærprodusentane vart 2021 eit svært godt år. Jordbruksinntekta auka med 62 prosent frå 2020 til 2021, og vart kr 539 000 per årsverk. Frukt- og bærproduksjon er den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet også dette året. Det var særskild god avling av eple og mykje betre avling på plommer som hadde avlingssvikt året før. Prisane på frukt til produsent var lågare for alle kulturar utanom pærer som hadde ein prisauke. For bringebær og jordbær var det lågare avling enn i

**Utfyllande informasjon til pressemelding 15.12.2022:
Jordbruket på Vestlandet i 2021**

2020. Frukt- og bærinntektene auka med 66 prosent. Dei variable kostnadene auka med 17 prosent og dei faste med 23 prosent. Arbeidsforbruket auka med 6 prosent. Arbeidsinnsatsen var på 2 årsverk per bruk. Det er 21 produsentar i denne gruppa, og i gjennomsnitt hadde dei eit frukt- og bærareal på 48 dekar.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka låg høgare enn landsgjennomsnittet også i 2021. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene for kr 228 000, medan nettoinvesteringane for landet var på kr 137 000. Nettoinvesteringane på Vestlandet minka med kr 33 000 frå året før. Samla gjeld auka med 3,7 prosent for vestlandsbonden, og var på 3,4 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene gjekk ned med 9 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet utgjorde 44 prosent av dei samla inntektene til familien i 2021, som er fem prosentpoeng meir enn i 2020. Løsinntekt utgjorde 37 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 prosent og 5,5 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 190 400 i 2021. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2021 kr 411 000 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 33 000 per årsverk, ein auke på 1 700. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Driftsgranskingane i jordbruket var for 2021 basert på eit tilfeldig og representativt utval av 916 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 184 bruk frå Vestlandet; 58 i Hordaland, 67 i Sogn og Fjordane og 59 i Møre og Romsdal. Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 184 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Seniorrådgjevar Torbjørn Haukås, 476 58552,
eller rådgjevar Anders Halland, 46815793

E-post: bergen@nibio.no Internett: www.nibio.no

**Utfyllende informasjon til pressemelding 15.12.2022:
Jordbruket på Vestlandet i 2021**

Samla oversikt for 2021

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2021		2020	2021	2020	2021	2020	2021
Vestlandet, alle	184	315	445 300	597 800	292 700	378 000	324 100	411 000
Bruk < 50 dekar	11	38	397 000	541 000	345 200	459 000	380 800	497 000
« 50 - 100 dekar	14	73	336 500	834 000	302 600	536 700	331 700	564 800
« 100-200 dekar	34	163	338 500	365 800	286 400	293 900	322 000	332 700
« 200-300 dekar	45	241	357 800	412 300	257 500	294 000	288 300	327 600
« 300-500 dekar	51	376	471 500	585 100	292 600	352 300	324 300	386 200
> 500 daa	24	765	750 600	1 099 400	310 000	450 800	338 700	480 000
Mjølkeproduksjon	76	406	525 800	714 800	297 700	384 000	329 600	418 000
Mjølk/sauehald	16	415	559 100	840 000	326 100	464 000	355 800	494 000
Kjøttproduksjon, storfe	13	364	151 900	249 000	143 800	230 000	171 800	261 000
Sauehald	32	246	128 800	208 000	116 700	178 000	144 300	210 000
Frukt og bær	21	57	402 500	768 200	332 000	538 600	367 900	570 700
Vestland fylke	125	276	403 600	575 500	271 600	369 900	301 200	-
Møre og Romsdal fylke	59	398	479 200	647 300	250 800	392 900	309 900	426 801

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2012-2021

